



## **Statlege arbeidsplassar**

*Som oppfølging av møtet i Sogn regionråd 18. juni 2021 er det utarbeidd følgjande uttale:*

Sogn regionråd støttar initiativet til Årdal kommune som arbeider for at nyetableringar av statlege arbeidsplassar skal skje i kommunen. Rådet ser at kommunen i dag har svært få statlege arbeidsplassar. Sårbarheiten til denne kommunen er stor pga. rundt halvparten av dei sysselsette arbeider i konkurranseutsett og svært konjunkturavhengig industri som opererer på den internasjonale marknaden. Statlege arbeidsplassar kan bidra til stabilisering av arbeidsmarknaden i Årdal.

Regionrådet vil arbeide for at heile Sognregionen skal få tilført fleire statlege oppgåver. Initiativet i Årdal skal koordinerast med regionrådet sitt arbeid og regionen sitt arbeid som vertskommunar for statlege arbeidsplasser.